



Tobias vart tjuvlånt til nattleg ferd (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Natt til i dag (onsdag) vart det tjuvlånt ein båt i båthamna. Det var ikkje hvilken som helst båt, men Tobias, ein arbeidsbåt som høyrer til Sjøtroll Havbruk og blir nytta i oppdrettsanlegget på fjorden**

Den er 33 fot lang og har ein motorkraft på 450 hestekrefter. Dei som hadde lånt båten, var ikkje særlig ryddige av seg. Sigarettneiper og papir låg slengt rundt om i styrehuset då båten var på plass att dagen etter..

Tjuvlånarane har også teke med seg ein del ting fra båten, millom anna ein arbeidsdress med oppblåsbar redningsvest.

Dressen er øydelagt, men denne dressen er eigarane svært interesserte i å få tilbake, da den var involvert i arbeidsulukka laurdag

Politiet er informert om saken, men kjem dressen til rette vil den nattlegeferda ikkje bli politianmeldt.

Tips i saka, ta kontakt med 99 57 40 93 – røkte Jonny Hansen.

Av Ola Matti Mathisen og Jonny Hansen